


Planstatus gnr. 324 bnr. 12 Langeland

Viser til innsendt kart over parsellane.


Parsell 1:

Sørvestre del av tomta er avsett til bustadformål med plankrav (B_6) i kommunedelplan for Meland (KDP). Nordre del har status som LNF.



Parsell 2:

Parsellen er i reguleringsplan for Frekhaugkrysset PlanID 1256 2017 0003, vedtatt 2020, regulert til LNF-formål med føresegningsområde som tillèt at arealet kan nyttast som midlertidig bygge- og anleggsområde . Området ligg innafor i gul støysone.



Utsnitt frå reguleringsplan for Frekhaugkrysset.

Parsell 3:

Utsnittet over syner at parsellen i hovudsak er regulert til samferdselsformål, dvs veg, gang – og sykkelveg samt annan veggrunn i reguleringsplan for Frekhaugkrysset. I sør-vest er det noko LNF-areal, elles rundkøyring med tilhøyrande veganlegg.

Parsellen ligg også innafor plangrensa til områdeplan for Langelandskogen som er under regulering. Framdrift i høve denne planen er at den er venta innlevert til 1. gongs handsaming vår 2021.

Parsell 4:

Parsellen er sett av til kombinert bebyggelse og anleggsformål i KDP med plankrav. Også denne parsellen ligg innafor plangrensa til områdeplan for Langelandskogen.



Utsnitt som syner planavgrensinga til områdeplan for Langelandskogen.